

Informasjon til skulane frå Fylkesmannen om spørjeskjema til elevane

Kva kontrollerer Fylkesmannen i tilsynet? Når vi (Fylkesmannen) utfører tilsyn, skal vi kontrollere om skulen følgjer reglane i opplæringslova med forskrift. Temaet for tilsynet med skulen er: «Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa». Spørjeundersøkinga til elevane vil særleg kontrollere skulens arbeid med læreplanane i fag (opplæringslova §§ 2-3/3-4, forskrifta §§ 1-1/1-3) og undervegsvurderinga (forskrifta kap. 3).

Kvifor spørjeundersøking?

Nokre av kontrollspørsmåla i dette tilsynet gjeld grunnlaget for opplæringa, kriteria for vurdering, rettleiing i undervegsvurdering og involvering i vurderinga. Det er viktig å kontrollere i kva grad elevane opplever at dei er blitt kjende med og har fått rettleiing i dette. Saman med annan informasjon vil svara danne grunnlag for å vurdere situasjonen på skulen.

Kvifor blir ikkje Elevundersøkinga brukt?

Mange av spørsmåla i denne spørjeundersøkinga ligg nært opp til spørsmål i Elevundersøkinga. Vi har derfor vurdert om vi kunne bruke Elevundersøkinga direkte, men har komme fram til at det kan bli vanskeleg å bruke denne i innhenting av informasjon for dette tilsynet. I tilsynet ser vi på enkeltfag, og Elevundersøkinga vil ikkje kunne støtte opp under dette. I tillegg er svaralternativa i Elevundersøkinga graderte slik at dei blir vanskelegare å bruke i tilsynssamanheng. Det er dessutan viktig at informasjonen som Fylkesmannen hentar inn, skildrar situasjonen på skulen når tilsynet går føre seg.

Informasjon til elevane Vi har laga ein kort informasjon til elevane om spørjeundersøkinga. De må gi elevane god nok tid til å lese denne før dei svarer på spørsmåla. Denne informasjonen til elevane gir ikkje nærmare rettleiing om å forstå spørsmåla.

I samband med tilsynet vil vi at elevane svarer individuellt på 8 spørsmål via eit elektronisk spørjeskjema. Før elevane startar å svare på spørsmåla, må dei skrive inn nummeret til skulen, om skulen er grunnskole eller vidaregåande, kva klasse dei går i og kva fag dei skal gi svar på. Læraren må opplyse elevane om dette før du startar å svare.

Det er viktig at elevane forstår spørsmåla. Det kan difor vere fornuftig om læraren informerer kort om kvart spørsmål før elevane svarer, jf. undertekst til kvart spørsmål. Deretter går de vidare til neste spørsmål og gjer det same. Det kan også vere lurt å minne elevane om å lese underteksten til kvart spørsmål.

Det er ikkje nokon svar som er rette eller gale. Er eleven usikker på svaret, vel det eleven det svaret som han/ho føler er mest rett. Forstår eleven ikkje spørsmålet, kan dei spørje om hjelp. Eleven kan også hoppe over spørsmålet. Svaret til eleven er anonymt: Ingen skal vite kva eleven har svart.

NB! Elevane skal, når dei svarer, berre tenkje **på situasjonen i det faget** som er ført opp for den aktuelle klassen på spørjeskjemaet! Dette er det viktig å presisere for elevane!